

ORDENSREGLAR FOR SAMEIGET ØVRE SKARET

Opprinneleg vedteke i konstituerande sameigarmøte 12.11.2014
Justerte/endra ordensreglar, vedteke av årsmøtet den 22.03.2021

1. Formål og omfang

Ordensreglane er til for å halde ro og orden i sameiget og for å sikre eit godt bumiljø der alle tek omsyn til kvarandre.

Ordensreglane gjeld for alle som oppheld seg i sameiget. Sameigarane er ansvarlege for å etterleve reglane og for at eigne husstandsmedlemer, besøkjande og leigetakarar vert gjort kjende med og held seg til reglane.

Dersom sameiget har særlege reglar for parkering, behandling av teknisk utstyr, reingjering eller anna, er desse å sjå på som ein del av ordensreglane.

2. Aktivitetar og støynivå

Bebuarane i sameiget vert oppfordra til å avgrense alle aktivitetar som kan verke uroande på naboane. Det må særleg visast omsyn slik at bebruarane sin nattesøvn ikkje vert uroa.

Hamring, boring og anna arbeid som lagar ekstra mykje støy skal utførast til tider der det er til minst mogleg sjenanse for naboane. Ved samanhengande støyande arbeid over noko tid bør dette varslast i forkant. På søndagar og heilagdager bør støyande arbeid unngåast.

3. Bruk av bustaden og evt. tilknytta areal

Bebuarane skal sørge for:

- at bustaden er tilstrekkeleg oppvarma ved frævvær, flytting eller liknande i den kalde årstida slik at vass- og avløpsrør ikkje vert frostskaða.
- at avtrekksventilar på kjøkken, bad og toalett vert haldne opne for å unngå kondensskader og mugg-/soppdanning i bustaden.
- å opptre ansvarleg med eld og varme slik at ein forebyggjer brann i sameiget.
- straks å melde frå til styret dersom det vert oppdaga veggdyr, kakerlakkar eller liknande i bustaden. Andelseigar må for eiga rekning syte for desinfeksjon.
- at det ved risting av tøy, teppebanking og liknande frå balkong eller gjennom vindauge vert teke særskildt omsyn til at aktiviteten ikkje er til plage eller ulempe for naboane.
- at balkongen ikkje vert nytta som lagringsplass for søppel, møblar eller liknande. Bebruar står også ansvarleg for å fjerne snø og is frå balkongen.
- at evt. grilling fortrinnsvis foregår på nordsida av leilegheitene.

4. Fellesareal

Bebuarane er som ein del av fellesskapet medansvarleg for at det vert halde reint og ryddig på sameiget sin eigedom inkl. fellesareala. Bebruarane (eigar/leigar) har dessutan eit særleg ansvar for orden og reinhald i den delen av svalgangen som er direkte tilstøytande sine respektive bustadar/leilegheiter.

Avfall skal sorterast i samsvar med ÅRIM sine retningslinjer. Spesialavfall skal leverast direkte til mottak (Gjøvsund) eller innleverast i tilknytning til ÅRIM sine årlege innsamlingsrundar.

Pappkasser og anna plasskrevjande pappembalasje skal pressast/reduserast til minst mogleg volum før plassering i rett kontainar. Ved ekstraordinært store pappembalasmengder (for mykje eller for stort for kontainar) skal dette leverast direkte til mottak (Gjøvsund). Avfall skal uannsett ikkje setjast utanfor kontainarane.

På fellesareala (svalgangar, trappeoppgangar og rømningsvegar) skal det ikkje plasserast gjenstandar som er til hinder for vanleg passasje. Syklar, sykkelvogner, sparkesyklar og liknande utstyr skal plasserast i garasjer med tilstøytande fellesrom eller i tilknytning til bodene.

5. Køyring og parkering

Køyring og parkering på sameiget sitt område skal, med unntak av kortvarig nyttekøyning/-parkering, berre skje på område som er avsett til dette, dvs. på oppmerka/tildelte parkeringsplassar i garasjekjellar og oppmerka parkeringsplassar utandørs.

Inga bueining kan over lengre tid legge beslag på meir enn 2 parkeringsplassar (inne + ute). Unntak frå dette kan gjerast i tilfelle der det vert gjort avtale om bruk/leige av parkeringsplass hos bebruar som ikkje nyttar seg av sin tildelte plass i parkeringskjellar, jfr. vedtektene § 4-2, punkt 6.

6. Dyrehald

Det er i utgangspunktet ikkje tillate med dyrehald i sameiget. Styret kan i visse tilfelle gjere unntak frå denne regelen basert på skriftleg søknad frå huseigar/-leigar som ønskjer å ha dyr. Det er forutsett at dette i hovudsak vil gjelde hund eller katt.

Ved vurdering av søknad om dyrehald skal det leggast vekt på næraste naboar sitt syn, om det kan innebere praktiske ulemper av noko slag eller om det er personar med allergiar, fobiar eller likande i nærområdet der dyret vil vere. Dei som får løyve til dyrehald må uannsett sørge for at dette ikkje er til sjenanse for omgivnadane, her under at det ikkje vert etterlate ekskrement på sameiget sitt område.

7. Brot på ordensreglane

Brot på ordensreglane vert vurdert som misleghald og kan føre til sanksjonar, jfr. vedtektene § 7-1.